



## Saksutredning

<b>Utv.saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Møtedato</b>
14/20	Formannskapet	30.04.2020
11/20	Kommunestyret	11.06.2020

## Oppstart av kommunal planstrategi for Lesja 2020-2023

### Kommunedirektørens innstilling:

Formannskapet stiller seg bak prosess og tidstabell for ny planstrategi.

Frank Westad  
kommunedirektør

### Bakgrunn:

Kva planar treng Lesjasamfunnet **og** Lesja kommune sin verksemd dei neste 4 åra? Planstrategi handlar om akkurat dette. Planstrategi er enkelt sagt ei lovpålagte lista som gje denne oversikta, samt ei samfunnsdrøfting. Strategien skal kommunestyret vedta innan 1 år etter konstituering i kvar valperiode.

I plan- og bygningslova [LOV-2008-06-27-71], kapittel 10 står det følgjande om planstrategi:

### § 10-1. Kommunal planstrategi

*Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsigktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.*

*Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.*

*Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer.*

*Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.*

*Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.*

Eksisterande planstrategi vart vedtatt av kommunestyret i Lesja 26.05.16 i sak 42. Dokumentet ligg vedlagt. Som vedlegg ligg også ein status på dei prioriterte planoppgåvane i periode 2016-2020.

### **Vurdering:**

I vedlegg til denne saka ligg både eksisterande planstrategi 2016-2020 for Lesja kommune og ein kort status på dei prioriterte planoppgåvane i perioda. Det er ikkje slik at alle prioriterte planoppgåver er ferdigstilte, og ikkje alle er starta. Men mykje er gjort! Kvifor er det slik? Samfunnet utviklar seg kvar dag og oppgåvane kjem inn og endrar seg. Det er viktig at kommunen er på, og får behandla dispensasjonssakar og private reguléringsplanar med meir raskt og med god kvalitet – dette gje samfunnsutvikling. Det har skjedd mykje i planperioda 2016-2020, og mykje i Lesjasamfunnet og for Lesja kommune. Ein samfunnsstatus og drøfting blir ein del av planstrategien. Meir evaluering, men mest tankar framover - kjem i denne. Samstundes har Lesja ein god arena i Samfunnsdelen til kommuneplanen til å ta gode val og diskusjonar.

Kommunedirektøren har starta arbeidet med ny planstrategi og har satt opp følgjande tidsplan og prosess:

*Tabell 1. Tabell over tidsplan og prosess for ny planstrategi.*

Dato / månad	Utval / kven?	Formål
30. april 2020	Formannskap	Orientere om oppstart planstrategi
Mai	Internt i kommunen	Informasjon og innhenting av opplysningar, samt inkludering og drøftingar
Juni	Planleggar	Utarbeide planstrategi
Slutten av juni	Formannskap	Vedta forslag til planstrategi og sende på høyring
Juli/august	Allmenta, nabokommunar, offentlege høyringspartar med fleir	Offentleg høyring
Juli	Allmenta	Informasjonsmøte om planstrategi, høyring.
August	Planleggar	Revidere planstrategi
September	Formannskap	Revidert planstrategi behandlas
September / oktober	Kommunestyret	Vedtak av planstrategi

Ofte er det slik at formannskapet ikkje får sakar frå administrasjonen før det skal fattast eit vedtak. Men planstrategi er ein såpass viktig og stor sak som skal vedtas politisk at det er naturleg å informere om saksgang framover, og litt status frå sist planstrategi. Politisk vil det også vere mange tankar kring kva Lesjasamfunnet, og Lesja kommune si verksemd treng framover for å

utføre oppgåvene sine i best mogleg grad ovanfor brukarane sine. Derfor vel kommunedirektøren å synleggjere dette i denne saka.

Eit hovudspørsmål alle planstrategiar skal ta opp er om kommuneplanen skal rulleras (endras) eller bestå som den gjer. I Lesja er det alle reie satt i gang planarbeid for å få ny kommuneplan, både samfunnsdel og arealdel. Kommunestyret har den 26.09.2019, sak 41/19 slutta seg til planprogrammet til kommuneplanen. **Dette er kommunens største og mest omfattande planarbeid og vil stå sentralt i kommande planstrategi.**

#### Nokre hovudtrekk om kommande planstrategi:

- status på forrige planstrategi ved neste behandling.
- Sentralt i planstrategien står rullering av kommuneplan; både samfunnsdelen og arealdelen.
- Eit hovudtrekk frå førre planstrategi er ei lang rekke med planar, kanskje er ikkje dette svaret på det vi treng?
- Hovuddelane i planstrategien vert grovt sett vidareført frå dagens planstrategi med:
  - Innleiing med orientering om kommunal planstrategi, ulike plantypar og organisering av planarbeidet i Lesja kommune.
  - Rammevilkår med orientering om forventingar frå Kommunal og moderniseringsdepartement, og nasjonale og regionale føringar.
  - Om Lesja kommune – kunnskapsgrunnlag for ulike sektorar og fagfelt.
  - Kommunebiletet – fylkesmannen sin kunnskapsstatus for Lesja kommune.
  - Utfordringar og moglegheiter for Lesja kommune
  - Visjon for Lesja kommune.
  - Strategiar og prioriterte planoppgåver for valperioden.
  - Vedlegg med oversikt over ulike planar.

Kommunedirektøren vi i tida framover innhente kunnskap og ha prosess internt om planstrategien før eit forslag kjem til formannskapet i slutten av juni. Deretter vert det høyring av saka til allmenta, nabokommunar, fylkesmann, fylkeskommune og lokal lag/foreiningar/interesser.

#### Dokumenter

1	S	Oppstart av kommunal planstrategi for Lesja 2020-2023	
2	I	Rullering av planstrategi	Norsk Friluftsliv
3	I	Rullering av planstrategi - oppdatert versjon	Norsk Friluftsliv
4	I	Ønsker å motta høringer på planstrategi samt klima- og energiplan	Glommen Mjøsen Skog

#### Vedlegg

- 1 Kommunal planstrategi for Lesja 26.05.16 sak 42\_16
- 2 status på prioriterte planoppgåver 2016-2020

#### Saksprotokoll i Formannskapet - 30.04.2020

**Behandling**

Kommunedirektørens innstilling enstemmig vedtatt.

**Vedtak**

Formannskapet stiller seg bak prosess og tidstabell for ny planstrategi.